



MØTEPROTOKOLL

Utval	Kommunestyret
Møtedato	21.12.2017
Møtestad	Kommunestyresalen , Rådhuset
Møtetid	17:00 – 20:15

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Peder Sjo Slettebø	Ordførar	H
Hans Inge Myrvold	Varaordførar	SP
Leif Sverre Enes	Medlem	H
Sølvi Ulvenes	Medlem	H
Erlingur Nielsson	Medlem	H
Arne Bjørnevik	Medlem	H
Marit Bakke	Medlem	H
Ingrid Koløy Eide	Medlem	H
Knut Johannes Helvik	Medlem	H
Per Ove Kviteberg	Medlem	H
Øyvind Utne	Medlem	H
Gunnar Våge	Medlem	SP
Stein Olav Ølvestveit	Medlem	SP
Are Traavik	Medlem	SP
Kjetil Mehl	Medlem	SP
Kent Are Kjørsvik Petterson	Medlem	V
Otto Benjaminson	Medlem	KRF
Marit Aarthun	Medlem	KRF
Hege Lægreid Røssland	Medlem	SF
Gaute Lund	Medlem	SF
Hilde Enstad	Medlem	AP
Aksel Kloster jr	Medlem	AP
Gretha Rød	Medlem	AP
Nikolai Rørdal	Medlem	AP
Ove Lemicka	Medlem	FRP
Kai Morten Torget	Medlem	FRP
Thorleif J. Hellesøy	Medlem	FRP
Irene Nielsen Sjo	Medlem	AP
Svein Opdal	Medlem	MDG

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Bernth Harry Eliassen	MEDL	AP
Vibeke Fredheim	MEDL	AP
Synnøve Solbakken	MEDL	AP
Gerd Laura Bondhus	MEDL	SP
Øyvind Lernes	MEDL	H
Stig Håvik	MEDL	H

Følgjande varamedlemar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Arne Presthus	Øyvind Lernes	H
Geir Dolonen-Marthinussen	Synnøve Solbakken	SP
Jan B Ingvaldsen	Stig Håvik	H
Olav Gunnar Hjelmeland	Gerd Laura Bondhus	SP
Monica Lindseth	Vibeke Fredheim	AP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Odd Ivar Øvregård	Rådmann
Bente Høyland	Møtesekretær

MERKNADER:

Orienteringar frå

Ordførar:

- Ros til sektorleiar for godt gjennomført temadag om skule i forkant av kommunestyre i dag.
- Opning av B-hallen ved Hydro Husnes.
- Eigarskapsmelding – Kvinnherad Energi.
- Kystsoneplan
- Informasjonsmøte om Kvinnheradspakken
- Sunde snøggåtkai
- Ølve – byggjefelt.
- Grunnstøyting av ferja ved Varaldsøy – ros til kommunalt ansatte som deltok i redninga av ferja.

Rådmann:

- Opsangervegen – takk til tålmodige innbyggjarar i området.
- Lundsneset – geologiske utfordringar
- Rosendalstunet – overtaking flytta frå 1.1.2018 – 8.1.2018
- Ølve byggjefelt – komme ut på anbod
- Fjelbergsambandet
- Økonomi

Permisjonar:

Ingen.

Inhabile:

Sak 2017/83 – Sal av aksjar Jondalstunnellen og Fastlandssambandet Halsnøy A/S:

- Hans Inge Myrvold (Styreleiar Fastl.samb.Halsnøy)
- Ingrid Koløy Eide (Styremedlem Fastl.samb.Halsnøy)

Evt. endring på saksrekkefølge:

Ingen.

Tilleggssaker:

2017/84 – Alternativ drift av Varaldsøy aldersheim

Spørsmål frå:

Per Ove Kviteberg(H):

Mat-saka

Under møtet i Kvinnherad kommunestyre torsdag 26.oktober vart det lagt ut eit notat med tittelen «Mat og måltidspolitik – Kvinnherad kommune».

Det er grunn til å tru at det kom frå Rådmannen. Det er vel korrekt å oppfatte det som eti kompletterande svar på spørsmålet frå representanten Svein Ingvald Opdal i same kommunestyremøte.

Notatet opna med følgjande utsegn:

«Kvinnherad kommunestyre har vedteke at maten til kommunen sine institusjonar i hovudsak skal produserast ved sentralkjøkenet på Husnestunet.»

Dette er diverre ikkje fullt ut korrekt. Det siste vedtaket angående mat for institusjonane vart gjort i kommunestyret den 27.04.2017.

Det lyder som følgjer:

1. Kommunestyret held fast på tidlegare prinsippvedtak om å greia ut at alle institusjonane skal ha eige kjøken for å kunna servera all mat, middag og tørrmat, til bebuarane etter kok/server prinsippet. Kostnadane må greiast ut og det må leggjast fram sak i samband med økonomiplan 2019-2022.
2. Alle institusjonane i Kvinnherad kommune skal ha kjøkkensjef. Kommunestyret vil ha ei utgreiing på kostnader til kjøkkensjefstillingar på institusjonar som ikkje har dette i dag, til budsjett 2018.
3. Til handsaming i samband med økonomiplanen må det liggja føre ei oppdatert saksutgreiing som er meir nyansert. Som eit minimum må den omtala:
 - Pleiepersonalet sin tidsbruk i samband med kok-kjøøl.
 - Tydinga av å ha matfagleg kompetanse nær brukarane.
 - Erfaringar frå kommunar som har behalde, eller gått tilbake til kok-server.
 - Skilja mellom kok-kjøøl og sous-vide.
 - Økonomiske forhold omkring det at heile matproduksjonen skjer ved institusjonane og alle måltid vert sett under ett.

Eg er klar over Rådmannen sitt sjølvstendige ansvar når det gjeld saksutgreiing, men eg meiner at det er å strekkja dette prinsippet for langt, når klare, og nærast samrøystes vedtak gjort i kommunestyret, ikkje vert omtalt med eit einaste ord i eit viktig notat i nett denne saka.

Mitt spørsmål til ordføreren er følgjande:

1. Er ordføreren komfortabel med at administrasjonen ikkje i det heile tatt nemner kommunestyret sitt siste, og dermed gjeldande vedtak i ei saksutgreiing i ei så viktig og mykje omtalt sak?
2. Vi er alle klar over at eige kjøkken ved Rosendalstunet vert eit stort, økonomisk løft for kommunen. Men basert på den eintydige viljen som dette kommunestyret fleire gonger har uttrykt, vil ordføreren ta initiativ imot administrativ leing, slik at prinsippa i ovannemnde vedtak vert tatt med i framtidige saksutgreiingar, og ikkje minst ved handsaming av budsjett/langtidsbudsjett framover?
3. Vil ordføreren ta initiativ for å forsikra seg om at administrasjonen set i vert arbeidet med ein plan for mat og måltidspolitik?

Svar frå ordførar:

Generelle vurderingar.

Løysingar for matproduksjon og matservering er for ordførar ei viktig sak på bakgrunn av politisk prioritering og fokus. Det var derfor ordførar særleg nevnte vedtaket i kommunestyret den 27.04.2017. Ordførar har ein fortløpande dialog med rådmannen og er godt informert om prioriteringar og framdriftsplanar for overordna nivå.

Som det går fram av vedtaket i kommunestyret 27.04.2017 skal rådmannen fremja sak i samband med økonomiplanen 2019-2022. Den kjem til handsaming i junimøtet, evt. rett over sommarferien. Ordførar vil forsikra seg om at kommunestyret sitt vedtak vert følgt opp i den samanheng.

Når det gjeld det praktiske knytt til orienteringa i kommunestyremøtet og særleg notatet «mat og måltidspolitik – Kvinnherad kommune» vil rådmannen orientera om dette.

Svar frå rådmann:

Ad spm 1.

Rådmannen vil presisere at vedlagde notat ikkje er nokon form for saksutgreiing. Dette er eit dokument til leiarar og tilsette i organisasjonen som kun har som siktemål å legge til rette for at den politiske prioriteringa av matpolitikk er oppfylt. Det vert såleis lagt fram som ein informasjon til kommunestyret slik at ein kunne vere trygge på at mat og måltider vart prioritert.

I dette dokumentet vert det ikkje referert til eit særskilt kommunestyrevedtak med til det vedtak som er gjeldande. Pr. dato er det dette som er gjeldande for rådmannen i det som vert utøvd.

Ad spm 2.

Rådmannen kan sjølvstøtt garantera at dei kommunale vedtak som er aktuelle og relevante vert teke med i saksutgreiinga i samband med saka til sommaren.

Ad spm 3.

Som det går fram av notatet som vart lagt fram på kommunestyremøtet 26.okt. 2017 så er arbeidet med denne planen alt starta. Dette arbeidet vil bli prioritert vidare når avklaring av vidare løysingar er vedteke i kommunestyret.

Frå Kent Are K Petterson (V):

Gode ordfører;

Eg håpar du eller administrasjonen tek deg tid til å svare på spørsmåla til Gunhild Sæbø i lesarinnlegga hennar i Kvinnheringen 24.11.17 og 04.12.17.

Rådmannen sitt orienteringsskriv til kommunestyret 30.11.17 var litt sparsomt på informasjon;

«Prosjekt» - trafikksikker kommune

«Mål/innhald» - systematisk arbeid med ulykkesførebyggjande arbeid

«Deltakarar» - skulane, barnehagane og kommunen elles.

I sak 2016/106 i Formannskapet vedtok ein å halde fram arbeidet som «trafikksikker kommune».

Levekårskomiteen overtok ansvaret i møte 24.04.17.

Sidan den gong har det vore stille.

Det pågår mykje utbetring av vegnettet i kommunen for tida, og det vil heldigvis forsetje. Diverre så er det ikkje desse utbetringane tilstrekkelege tiltak for trafikksikkerheita i kommunen. Ein har framleis for lite gang- og sykkelstiar. Ein har mangelfull eller forvirrande skilting/vegmerking. På strekka Uskedal-Sandvoll (som eg sjølv brukar mest) vert det færre gateljos nærast kvar veke. Det er sågar ei strekke i Valen som er reinaste diskotekbelysninga, der lysa slår seg av og på i hytt og pine. Det er ikkje lett å vere trafikant når ein får desse ekstra utfordringane, om ein er mjuk eller hard.

1. Kan ordføreren gje kommunestyret ei orientering på kva Kvinnherad gjer ifm «Trafikksikker kommune»?
2. Kan ordføreren svare på lesarinnlegget til Gunhild Sæbø slik at ho og andre engasjerte innbyggjarar får innsikt i kva kommunen gjer på dette feltet?

Ordfører svare:

Om trafikksikring generelt.

Gunnhild Sæbø skal få eit svar så snart som mogeleg.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
PS 2017/76	Godkjenning av møteprotokoll
PS 2017/77	Vedtekter Skulefritidsordninga i Kvinnherad
PS 2017/78	Delegasjon til Rådmannen
PS 2017/79	Fritak politiske verv - Arne Gjerde
PS 2017/80	Oppmoding om busetting av flyktningar i 2018
PS 2017/81	Kommunal vigsel frå 01.01.2018
PS 2017/82	Revisjon av forskrift for vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune
PS 2017/83	Sal av aksjar Jondalstunnellen og Fastlandssambandet Halsnøy AS Refererte skriv
RS 2017/10	Referat frå møte 7.desember

PS 2017/76 Godkjenning av møteprotokoll

Behandling i Kommunestyret den 21.12.2017

Møteprotokoll etter kommunestyret 30.11.2017 vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak frå Kommunestyret den 21.12.2017

Møteprotokoll etter kommunestyret 30.11.2017 vert godkjent slik den ligg føre.

PS 2017/77 Vedtekter Skulefritidsordninga i Kvinnherad Behandling i Kommunestyret den 21.12.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ STEIN OLAV ØLVESTVEIT, SP:

Saka vert sendt tilbake til Levekårskomiteen for handsaming der.

Røysting: Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 21.12.2017

Saka vert sendt tilbake til Levekårskomiteen for handsaming der.

PS 2017/78 Delegasjon til Rådmannen

Behandling i Kommunestyret den 21.12.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ OVE LEMICKA M.FL.:

1. Kommunestyret forlengar eksisterande delegering til rådmannen, inkludert utsendt skriv 19.12.2017 om stillingshandsaming*.
2. Saka vert å ta opp til ny handsaming så raskt som råd i 2018 når det er gjennomført ein prosess for å gå gjennom delegeringa med gruppeleiarane.

*Utsendt brev:

Under punktet, rådmannen sitt mynde, står det midt på sida:

«Merknad til overståande punkt om tilsetjing: Ordning med politisk godkjenning av tilsetjingar som vart vedteke i kommunestyret 14.06.2012, vert vidareført i 2014. Det skal liggja ei streng vurdering til grunn for å nå målet om reduksjon av talet på tilsette. Vikariat i samband med ferie og svangerskap samt stillingar knytt til turnus vert halden utanom. Tidlegare godkjente tilsetjingar der tilsetjing ikkje er gjennomført, treng ikkje ny godkjenning. Det same gjeld for faste tilsetjingar i grunnskulen.»

Dette punktet blei drøfta med det «nye» formannskapet i Ullensvang 05.11.2015 og ordninga med å bringa alle nye stillingar opp for formannskapet vart avvikla. Dette har aldri vore formalisert gjennom skriftelege vedtak. Vedlegget her viser den nye teksten som bør byttast ut med den innleiinga som ligg i sakspapira.

Røysting: Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 21.12.2017

1. ***Kommunestyret forlengar eksisterande delegering til rådmannen, inkludert utsendt skriv 19.12.2017 om stillingshandsaming.***
2. ***Saka vert å ta opp til ny handsaming så raskt som råd i 2018 når det er gjennomført ein prosess for å gå gjennom delegeringa med gruppeleiarane.***

PS 2017/79 Fritak politiske verv - Arne Gjerde

Behandling i Kommunestyret den 21.12.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ GUNNAR VÅGE, SP:
Arne Gjerde sin søknad om fritak frå politiske verv vert avslagen.

Røysting:

Nytt framsett forslag fekk 12 røyster og fall.
Rådmannen si innstilling fekk 22 røyster og vart vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 21.12.2017

Arne Gjerde får innvilga permisjon for resten av valperioden.

PS 2017/80 Oppmoding om busetting av flyktningar i 2018

Behandling i Kommunestyret den 21.12.2017

Øyvind Utne (H) sette fram følgjande spørsmål:

Kan vi få ett tilbakeblikk?

- Kor mange har vi teke imot dei siste 15 åra?
- Kor mange av dei bur i Kvinnherad i dag?
- Korleis er deira yrkesaktive deltaking?

Kommunestyret vil få tilsendt eit skrifteleg svar.

Røysting:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 21.12.2017

Kvinnherad kommune tek imot 10 vaksne flyktningar i 2018.

PS 2017/81 Kommunal vigsel frå 01.01.2018

Behandling i Kommunestyret den 21.12.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 21.12.2017

1. *Forskrift om kommunale vigslar skal gjelda for Kvinnherad Kommune:
I Kvinnherad er det ordførar og varaordførar som får fullmakt til å gjennomføra vigslar frå 1.1.2018.*
2. *Anne Sofie Bjelland Kjeka, sektorleiar oppvekst og Hilde Kjelstrup, seksjonsleiar Forvaltning, får i tillegg fullmakt til å gjennomføre vigslar frå 1.1.2018 til 30.09.2020.*
3. *Kommunestyresalen skal nyttast til vigslar, dersom ikkje anna er avtala.*
4. *Vigsel skal i hovudsak føregå i tidsrommet måndag til fredag mellom kl 08:00 – 15:30, dersom ikkje anna er avtala.*
5. *Det er ingen kostnad for innbyggjarane i Kvinnherad, å gifte seg på rådhuset i kommunens si opningstid her.*
6. *Kvinnherad kommune tillet andre enn kommunen sine innbyggjarar å gifte seg her.
Vigsel som dette vil krevje dekking av faktiske utgifter jfr Forskrift om kommunale vigslar § 2.*

PS 2017/82 Revisjon av forskrift for vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad

kommune

Behandling i Kommunestyret den 21.12.2017

HABILITET: Ove Lemicka(Frp) sette fram spørsmål om sin habilitet i saka.

Rådmann gjorde greie for habilitetsreglar, og konklusjonen var at han ikkje var inhabil i saka.

Røysting: Ove Lemicka vart samrøystes erklært habil i saka.

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ LEIF SVERRE ENES (H), m.fl.:

Paragraf 4 – Ny setning etter punkt D:

Tilknytningsgebyret skal fakturerast og vera betalt når anlegget vert teke i bruk.

Det skal setjast ned ei gruppe på 4 politikarar som skal gå gjennom gebyra og gebyrstrukturen på alle kommunale tenesteområde. Rådmannen stiller med sekretariat.

Dei 4 politikarane skal veljast på neste kommunestyre. Arbeidet deira skal leggjast fram for politisk drøfting før revidert budsjett 2018 vert vedteke.

Røysting: Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 21.12.2017

Kommunestyret vedtar frå 01.01.2018 ny forskrift for vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune med desse endringane:

Paragraf 4 – Ny setning etter punkt D:

Tilknytningsgebyret skal fakturerast og vera betalt når anlegget vert teke i bruk.

Det skal setjast ned ei gruppe på 4 politikarar som skal gå gjennom gebyra og gebyrstrukturen på alle kommunale tenesteområde. Rådmannen stiller med sekretariat.

Dei 4 politikarane skal veljast på neste kommunestyre. Arbeidet deira skal leggjast fram for politisk drøfting før revidert budsjett 2018 vert vedteke.

PS 2017/83 Sal av aksjar Jondalstunnellen og Fastlandssambandet Halsnøy AS

Behandling i Kommunestyret den 21.12.2017

Inhabile: Hans Inge Myrvold(Sp) og Ingrid Koløy Eide(H) – 32 repr. v avrøysting.

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 21.12.2017

Kommunestyret i Kvinnherad kommune seier ja til å selje eigardel i Fastlandssambandet Halsnøy AS og Jondalstunellen AS.

PS 2017/84 Alternativ drift av Varaldsøy aldersheim

Behandling i Kommunestyret den 21.12.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Kommunestyret den 21.12.2017

Kvinnherad kommunestyre tek orienteringa til vitande og har ikkje merknader til den løysinga som vert skissert i saka.

Refererte skriv

RS 2017/10 Referat frå møte 7.desember Referat frå møte 7.desember